

INFORMASJON TIL INTERNETT / INTRANETT I KOMMUNANE

Å ta vare på barna våre er ei felles oppgåve. Eit barn er totalt avhengig av foreldra sine for å vekse opp. Foreldra har rett og plikt til å gje barnet omsorg og ein god oppvekst.. Barna er samfunnet si framtid. Samfunnet må difor støtte foreldra og arbeide for gode vilkår for foreldrerolla i eit stadig meir hektisk samfunn. Eit klokt samfunn investerer i barna sine. Ein god barndom varer heile livet. Kommunane Selje, Vågsøy og Eid er no i gong med prosjektet ” Foreldrerettleing – Ein god barndom varer heile livet”.



Gjennom prosjektet skal kvar kommune utvikle eit tverrfagleg system for foreldrerettleing som går frå før fødsel og gjennom heile oppveksten. Formålet er å motivere, engasjere og støtte foreldra i rolla deira. Tenestene som rettar seg mot foreldre skal sjå på korleis dei betre kan samarbeide for å auke si evne til å sjå foreldre og barn sine behov på eit tidleg tidspunkt.

Ein vil i fyrste omgang kommunevis samlast i tverrfaglige ressursgrupper for å sjå på korleis ein arbeider i høve til foreldrerettleing. Ein vil invitere brukergrupper til å dele sine erfaringar som foreldre til innspel i arbeidet. Saman skal ein mellom anna sjå på korleis ein kan få til eit tettare dialog mellom foreldre og dei ulike tenestene som gjeld barnet.

Prosjektet er ein del av Sjumilssteget, ei satsing som skal sikre at barna sine rettar etter FN si barnekonvensjon. Kommunane har fått tildelt fornyingsmidlar til å gjennomføre prosjektet. Helsesøster Helga Iversen Skartveit er tilsett i stillinga som prosjektleiar i 50% stilling. Nytilsett rådgjevar for skule i Vågsøy Torill Furnes Myhre er tilsett prosjektmedarbeidar i 20%, rådgjevar i skule og barnehage Anne-Grete Eikås frå Eid i 20% og leiande helsesøster i Selje Toril Sande i 10% stilling. Desse utgjer prosjektgruppa saman med fleire tilsette i kommunane.

